



*Universitetet i Bergen (UiB) er eit byuniversitet der sentrale delar av campus ligg i Bergen sentrum. Vi har ca. 14 300 studentar og omlag 3 300 tilsette. UiB er kjend for forskning på høgt europeisk nivå og har mellom anna fleire senter for framifrå forskning (SFF). Vi har ein sterk internasjonal profil, som medfører tett samarbeid med universitet over heile verda.*

## Postdoktor ved Institutt for biomedisin

Ved Institutt for biomedisin, Universitetet i Bergen, er det ledig ei stilling som postdoktor for to (2) år.

Stillinga er finansiert av Universitetet i Bergen og Noregs Forskningsråd (NFR) og er knytt til Proteomics Unit UIB (PROBE <http://www.uib.no/rg/probe>) ved Institutt for biomedisin. Arbeidsstad er Bygg for Biologiske Basalfag (BBB), Jonas Lies vei 91.

Kandidaten vil verte aktivt involvert i implementeringa og utviklinga av dei proteomiske teknikkane som er i bruk ved PROBE og vil applisere dei på ei rekkje biologiske samanhengar. Han/ho vil utføre vitenskaplege eksperiment som deltakar i diverse forskingsprosjekt og samarbeide med forskingsgruppene ved PROBE og det norske proteomikk-konsortiet (NorProteomics) rundt alle moglege teoretiske og praktiske aspekt av proteomikk-forskning. Hovudprosjektet for stillinga vil i utgangspunktet vere å arbeide med biomarkør-identifisering og verifikasjon i cerebrosinapal-veske frå pasientar med multipel sklerose ved hjelp av kvantitative proteomiske massesspektrometri-baserte metodar.

PROBE har ei rekkje avanserte utstyr innan proteomikk og ei sams instrumentsatsing med Helse Vest/Bergen har medført nylig kjøp av et AB SCIEX QTRAP® 5500 LC/MS/MS System og utsending av anbod på eit state-of-the-art high resolution massespektrometer er nært føreståande. PROBE har ei rekkje lokale, nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar, er metodisk langt framme og det aktuelle prosjektet har solid finansiering.

Søklarar må ha praktisk erfaring innan kvantitativ proteomikk (klargjering av biokjemiske prøve, protein massespektroskopi, separasjonsteknikkar og bioinformatikk). Det vil vere ønskeleg at kandidaten har erfaring med relevant biologisk erfaring. Vesentlig vekt vil verte lagd på personlege eigenskapar og ferdigheiter. Den aktuelle kandidaten må vere i stand til å utføre sine oppgåver på ein sjølvstendig måte, ha god ordenssans, god munnleg og skriftleg framstillingsevne, godt handlag og gode evner til samarbeid. Innafor prosjektet er det viktig å etablere forskingssamarbeid, og evna til kommunikasjon er såleis særskilt viktig.

Søklarar må ha oppnådd doktorgrad innan fagfeltet eller tilsvarande utanlandsk utdanning, eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at avhandlinga er godkjend før tilsetjing kan skje.

Stillinga som postdoktor er ei åremålsstilling. Åremålsperioden for denne stillinga er to (2) år. Ingen kan tilsetjast i meir enn ein åremålsperiode i same type stilling ved same institusjon. Postdoktorstillinga har som hovudmål å kvalifisere den som vert tilsett for arbeid i faglege toppstillingar.

Ytterlegare informasjon kan ein få frå Frode S. Berven (tif. + 47 55 58 67 43 / + 47 55 58 63 68 eller e-post: [frode.berven@biomed.uib.no](mailto:frode.berven@biomed.uib.no))

Framlegg til prosjekt for kvalifiseringsarbeidet utarbeidast i samarbeid med plattformleiinga på PROBE. Det er ein føresetnad at den som vert tilsett, gjennomfører prosjektet i løpet av tilsetjingsperioden.

Søklarar skal ha 2-3 forskarar som referanse.

Postdoktor vert løna etter lønnssteg 57 (kode 1352/lønnsramme 24.1) i lønsregulativet til Staten ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar prinsippet om meir offentleg innsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren verte varsla om dette.

Søknad og CV som inneheld fullstendig oversikt over tidlegare utdanning og relevant erfaring sendast elektronisk via link på denne sida «Søk denne stilling» til Universitetet i Bergen.

Vitenskaplege arbeid med liste over desse (alt i 4 eksemplar) skal sendast til Universitetet i Bergen, Institutt for biomedisin, Postboks 7804, 5020 Bergen.

Søknader som vert sendt på e-post vil ikkje verte vurderte.

Søknadsfrist 9. november 2010

Merk søknaden 10/10506

Jobbnorge-ID: 70136, Søknadsfrist: Avsluttet